

# **Vedtekter for Distriktsenteret – Kompetansesenter for distriktsutvikling, vedtekne ved kongeleg resolusjon av 9. mai 2008**

## *§ 1 Føremål*

Distriktsenteret – Kompetansesenter for distriktsutvikling skal vera ein kunnskaps- og erfaringsbase og støttespelar for heilskapleg og berekraftig lokalsamfunnsutvikling i distrikta.

## *§ 2 Rolla og oppgåvene til Distriktsenteret*

Distriktsenteret skal ha ei nasjonal rolle innanfor sitt føremål og ansvarsområde. Senteret skal vera eit knutepunkt for kunnskapsbygging og -formidling innanfor distrikt- og lokalsamfunnsutvikling i brei forstand. Senteret skal medverka til å koordinera og målretta utviklingsinnsats gjennom samarbeid, nettverksbygging og arenaer for å dela kunnskap og spreia erfaringar. Distriktsenteret skal ha følgjande hovudoppgåver:

- Støtta lokale utviklingsinitiativ i brei forstand gjennom mellom anna kunnskapsoverføring, rettleiing og samarbeid med lokale og regionale aktørar.
- Henta inn, systematisera og formidla informasjon om lokale prosjekt og vellukka utviklingstiltak i distrikta.
- Skaffa og formidla dokumentasjon om utviklingstrekk og utfordringar i distriktsområda.

Distriktsenteret skal vera eit kompetanseorgan for Kommunal- og regionaldepartementet og sektormyndigheter i samband med utgreiingar og høyringar. Innanfor det faglege ansvarsområdet sitt kan senteret òg ta på seg oppgåver for andre departement etter nærmare avtale med Kommunal- og regionaldepartementet, dersom dette ikkje går ut over kjerneoppgåvene til senteret.

Distriktsenteret skal ikkje driva forsking sjølv, men må utvikla samarbeid med relevante FoU-miljø. Senteret skal vera ein medspelar for kommunane og fylkeskommunane i utviklingsarbeidet deira.

## *§ 3 Status og fullmakter*

Distriktsenteret er eit fagleg uavhengig forvaltningsorgan, og er lagt administrativt under Kommunal- og regionaldepartementet. Senteret har ingen myndigheitsfunksjonar. Senteret skal ikkje instruerast i faglege spørsmål og skal styrast, finansierast og organiserast slik at det ikkje oppstår tvil om det faglege sjølvstendet til senteret. Distriktsenteret skal sjølv bestemma arbeidsforma si og skal fritt kunna formidla og offentleggjera arbeidet sitt.

Innanfor dei rammene som er gjevne, opprettar Distriktsenteret sjølv dei stillingane og tilset det personalet som vert rekna som naudsynt for å løysa pålagde oppgåver.

Tilhøva når det gjeld tilsetjingar, er regulerte av lov om statens tenestemenn med forskrifter og av gjeldande lov- og regelverk elles.

Budsjett og rekneskap skal følgja budsjettåret for statsrekneskapen.  
Økonomiforvaltninga skal skje i samsvar med økonomiregelverket for staten.  
Riksrevisjonen skal revidera rekneskapen for senteret.

Distriktscenteret skal ikkje driva ordinær oppdragsverksemd, men skal så langt kapasiteten tillèt det, ha høve til å samarbeida med styresmakter på ulike nivå om oppgåver og tiltak innanfor ansvarsområdet sitt.

#### *§ 4 Organisering og leiing*

Senteret vert leidd av ein direktør, som vert tilsett av Kommunal- og regionaldepartementet.

Verksemda vert organisert med tre avdelingar, i kommunane Alstahaug, Sogndal og Steinkjer. Funksjonsfordeling mellom avdelingane skal fastsetjast av direktøren saman med departementet.

Det skal vera eit fagråd for verksemda til Distriktscenteret, med representasjon frå viktige brukargrupper, samarbeidspartnarar og fagmiljø.

#### *§ 5 Direktør*

Direktøren skal leia den faglege og administrative verksemda til Distriktscenteret og er ansvarleg for at drifta er i samsvar med vedtekten, tildelingsbrev, hovudinstruks om økonomiforvaltninga i Distriktscenteret og dei lover og reglar for statleg verksemd som gjeld til kvar tid. Direktøren skal utarbeida og leggja fram årsplanar, budsjettforslag og rapportering for departementet.

Direktøren har ansvaret for den interne organiseringa av senteret, medrekna utarbeiding av instruks for anna personell.

Direktøren har fullmakt til å tilvisa og til å inngå avtalar om senteret sine eigedelar, prosjekt og samhandlingsrelasjonar innanfor gjeldande rammer.

Direktøren har avgjerdsmakt i alle saker som ikkje vert avgjorde av overordna styresmakt. Avgjerdsmakt kan delegerast til andre tenestemenn ved senteret. Kommunal- og regionaldepartementet kan fastsetja nærmare instruks for direktøren.

Direktøren er tilsett på åremål for seks år, med høve til fornya tilsetjing éin gong.

## *§ 6 Fagrådet*

Fagrådet skal ha ei rådgjevande rolle når det gjeld verksemda til Distriktsenteret. Kommunal- og regionaldepartementet nemner opp fagrådet og leiar og nestleiar for rådet. Fagrådet skal medverka til god brukarorientering og styrkja det faglege arbeidet i verksemda. Direktøren har ansvar for at fagrådet møtest jamleg, og får lagt fram for seg viktige faglege og prinsipielle spørsmål knytte til verksemda ved senteret. Distriktsenteret skal ha sekretariatsfunksjon for rådet. Ved samansetjing av fagrådet skal det leggjast vekt på balanse mellom brukarar og forskarar med innsikt i fagområdet til Distriktsenteret. Fagrådet skal gje faglege råd om

- hovudlinene for verksemda til Distriktsenteret
- senteret sine årsplanar og strategiske planar
- det faglege arbeidet ved senteret og publikasjonane det gir ut
- andre saker som har mykje å seia for den faglege verksemda til Distriktsenteret.

## *§ 7 Vedtekter*

Vedtekter for Distriktsenteret vert fastsette gjennom kongeleg resolusjon. Forslag til endringar av vedtektena skal leggjast fram for Distriktsenteret. Direktør og fagråd kan fremja forslag om endring av vedtektena overfor Kommunal- og regionaldepartementet. Vedtektsendringar skal godkjennast av Kongen i statsråd.

## *§ 8 Kva tid vedtektena tek til å gjelda*

Desse vedtektena tek til å gjelda frå 9. mai 2008.